



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 31.01.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 10:00 - 16:00

Orientering:

- Status plan for oppvekst og førebyggende arbeid

Det vert sett av tid til arbeidsbolk med tema plan for oppvekst og førebyggende arbeid i Modalen kommune.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2023	Godkjenning av møteprotokoll
003/2023	Referatsaker
004/2023	Orienteringssaker
005/2023	Revidering av Strategisk næringsplan (2017)
006/2023	Høyring - forslag til endringer i energilova og plan- og bygningslova (pbl.)
007/2023	Busetting av flyktningar i Modalen kommune 2023
008/2023	Strøyming av politiske møte i Modalen kommune

Notat frå møtet:

001/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:
Samrøystes vedteke

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:
Samrøystes vedteke

Vedtak:
Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2023: Referatsaker

Behandling:
Ingen referatsaker til handsaming

Vedtak:

004/2023: Orienteringssaker

Behandling:
Ordførar orienterte om:

- Oppfølging av brev om nærskuleprinsipp
Det er kome svar frå Vestland fylkeskommune der ein m.a. viser til tidsrom for

høyringsprosess.

Formannskapet ønskjer at det vert utarbeida eit svarbrev der ein får tydeleggjort ønskje om at det vert lagt til rette for at innspela til nærskuleprinsippet vert tatt med når det er opning for det, samt ønskje om å vurdere dispensasjon frå dette for gjeldande årskull.

· Fylkesveggar i Modalen kommune

Flaumsikring ved Hugnadstad vil starte opp i løpet av 2023.

Flaumsikring ved Neset er eit meir omfattande tiltak, og det er planlagt å starte dene opp i 2024.

Trafikkteljing vert sett opp i løpet av våren på fylkesveg 569

Ass.rådmann orienterte om status for plan for oppvekst og førebyggjande plan.

Det vart lagt opp til ein kort arbeidsbolk, der formannskapet fekk refleksjonsspørsmål til open drøfting.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

005/2023: Revidering av Strategisk næringsplan (2017)

Behandling:

Rådmann og ass.rådmann orienterte nærare om bakgrunn for revidering av strategisk plan og planlagt prosess for oppfølging av dette.

Formannskapet er foreslått som styringsgruppe i planprosessen, og det er eit ønskje at formannskapt vert tett kobla på prosessen og involvert undervegs mellom anna i innsikts- og analysearbeidet.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet vedtek forslag til mandat med organisering og oppstartplan for revidering av Strategisk næringsplan slik den ligg føre.

006/2023: Høyring - forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova (pbl.)

Behandling:

Ordførar orienterte om saka.

Håvard Engeseth ba om at saka vert grundig gått gjennom i kommunestyret, med døme på kva forslaget til lovendringar vil kunne bety for kommunen.

Kristin Nåmdal kom med framlegg om tilleggsforslag til vedtaket. Ordførar tok framlegget opp til votering.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen kommune støttar at regjeringa gjer endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land.

I høyringsnotatet vert det føreslått at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Planprosessen og konsesjonsprosessen vil dermed kunna gå parallelt fram til vedtak i regi av NVE, men det vert ikkje foreslått andre formelle krav til samordning, enn at planvedtaket må treffast før det kan gjevast konsesjon.

Modalen kommune meiner at det å leggja planframlegg ut på høyring er eit viktig institutt som bør vera underlagt lokaldemokratisk mynde (av lokale folkevalde), og ikkje eit embetsverk langt unna kommunane. Av den grunn rår ein frå at denne mynden knytt til plan- og bygningslova vert gjeve til NVE.

007/2023: Busetting av flyktningar i Modalen kommune 2023

Behandling:

Ordførar og rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å busette inntil 20 flyktningar i 2023.

008/2023: Strøyming av politiske møte i Modalen kommune

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret utan innstilling
